

NR. 1.

JANUAR 1987


20. ÅRG.

## Ved årsskiftet

Eit år me ser no etter renna  
i fortids stille havdjup ned.  
Å, måtte hjarta vårt då  
kjenna  
dei ting som tener til vår fred!  
Gud gjev me kvart eit år  
som vik,  
må bera frukt for himmerik!

Ja, Herre, hjelp oss frukt  
å bera  
det år som kjem, i Andens  
kraft.  
Kvar grein som visna måtte  
vera,  
fyll henne du med livsens  
saft!  
Send over kyrkja Andens vér  
til kristen tru og gudleg fred!

J.J. Rambach 1734  
omsett av Elias Blix 1891



Teikning av Jorunn Olsen

## KONTINGENT 1987

Med eit nytt år kjem også tida for å betala ny kontingent.  
Ved dette nummeret ligg ein postgiro innbetalingsblankett til  
det. Sjå meir om dette på side 3.

GODT NYTT ÅR

# **Jesus Kristus er i går og i dag den samme, ja til evig tid.**

(Hebreerbrevet 13.8)

*Vi har nylig hatt årsskifte. Da er det vel ikke noe ord som passer bedre for en kristen å stanse ved, enn nettopp dette. Hvor er det vel en stor trøst til alle tiders forandringer og omskiftelser at Jesus lever og er den samme i går som idag, ja til evig tid! Da vet vi at i alt som enn måtte møte oss i det nye året, så blir det en råd. Alt vil bli godt.*

*Vi har også nylig feiret jul. Enda en gang har vi fått glede oss over Jesu komme til vår jord. Men ofte klager vi over at julen går så fort forbi. Vi strever og kaver for å gjøre det godt og festlig som mulig. Så vet vi ikke ordet av før julen er over. Stundom føler vi det som om mye av vårt strev var forgjeves. Men da er det rammen vi gir julen det er snakk om. Den er ikke alltid så mye verd. Det går ofte opp i kav og mas for å skaffe så mye og god mat og drikke som mulig-pressanger og fest. Julens virkelige innhold blir så lett glemt. Jesus kom ikke til jord for å gi oss noen dagers fest da vi kan glede oss og fele oss rørt over et lite barn i en krybbe. Nei, Jesus kom til jord for å frelse oss syndere. Han måtte lenger enn til krybben. Like til korset gikk hans vei. Det var for deg og for meg for at vi skulle slippe fri.*

*Måtte vi få med oss hele julens budskap: «Oss er en evig Frelser født».*

*«Og finner du Ham, da eier du nok til salig å dø og leve på»*

*Så får vi ta med oss dette frelsesbudskap sammen med alle de Guds løfter vi finner i Bibelen inn i det nye året. Da har vi nok å bygge på hver eneste dag. «Jesus Kristus er i går og i dag den samme ja, til evig tid.»*

*Dette er en usigelig stor trøst og som en sterk festning når tidene skifter, ja, om det skulle storme og mørkne omkring oss. Selv da kan en kristen med glede synge:*

*«Jeg attrår å være under skygge og sitte under den. Da, Herre, er min styrke, min klippe, min borg og gjenløser, min Gud og min trøst!*

*Du er den samme og dine år får ingen ende.»*

R.R



## **Kontingent 1987**

Ved dette nummeret har vi lagt ein postgiroblankett der ein kan betala kontingenget for 1987. Den kan også betalast over bankgiro 8440.12.01856.

Kontingenget er frivillig og er sett til kr. 30,- pr. år. Vi vil gjerne nå ut til alle husstandane med bladet 10 gonger i året, og skal vi kunna makta det, treng vi ei god innbetailing av kontingenget. Det er sjølv sagt høve til å betala meir enn kr. 30,- også.

Trykningsutgiftene har stige og rekneskapen viser at bladet no berre har midlar til å betala januarmumeret. Om det skal koma ut slik det no gjer, treng vi midlar til dette. Vi vonar difor at mange betalar kontingenget og gjerne gjev ei gave til bladet.

Bladet vert delt ut av frivillege bladberarar, og vi vil at det skal nå ut til alle. Om du ikkje får bladet, vil vi gjerne ha melding om det til kyrkjekontora, for at vi kan prøva å retta på det. Dei som ikkje bur i Arna vil få bladet i posten, dersom kontingenget er betalt.

Bladet vert lese inn på kassett for blinde og svaksynte. Vi har hatt litt problem med å koma i kontakt med alle dei som kan ha nytte av dette tilbodet.

Om det no er nokon som ikkje får kassetter, men som ynskjer det, vil vi gjerne ha melding om det til eit av kyrkjekontora. Det vil ikkje kosta noko ekstra for dei det gjeld. Kassettane vert sendt i posar som kan returnerast utan portoutlegg i posten når ein er ferdig med kassetten.

## **Gevinstar**

Kyrkjeringen i Ytre Arna som arbeidar til inntekt for Kyrkjelydshuset vil gjerne ha gevinstar til utloddningar 22. februar.

Har du noko å gje, kan du meldu frå om det til kyrkjelydskontoret i telefon 24 85 46 eller til nokon av dei som er med i kyrkjeringen.

## **Arne Musikforening 110 år Jubileumskonsert i Ytre Arna kyrkje**

Arne Musikforening kan dette året markera 110-års jubileum, og dette vert gjort mellom anna ved å ha ein konsert i Ytre Arna kyrkje søndag 8. februar kl. 19.00.

Gjennom desse åra har arbeidet i Musikforeninga vore til stor glede for mange i Ytre Arna. Det gjeld dei mange musikkinnslaga dei har bidratt med ved ulike høve, og kan skje ikkje minst den heilt spesielle tradisjonen med at dei går rundt og spelar julesongar 1. juledag tidleg om morgonen. Det har dei gjort kvart år sidan 1913.

Vi vonar difor også at folk viser at dei set pris på arbeidet deira ved å koma og høyra på dei.

## **Kyrkjemusikk i Arna Kyrkje**


Søndag den 15. februar vert det fellesmøte i Arna kyrkje i høve Bibeldagen. Pinsemenigheten «Salem» og «Bethel», Arna misjonsmenighet og Arna kyrkjelyd står bak arrangementet. Vi hadde eit tilsvarende møte på Bibeldagen i fjor, og det vart svært vellykka.

Søndag den 18. januar vert Erik Rodal vigsla til kateket i Arna kyrkje av biskop Thor With. Erik Rodal har vår kateket i Mosjøen i fem år tidlegare og tok til i stillinga her i Arna like før j



**Luk. 2, 14.**

Godt nytt år! Du har vel vel ikke glemt jule-evangeliet enda. I det siste verset, Luk. 2, 14, roper engelen ut et "Fred på jorden", og dette gjør han, fordi Jesus er født. Et annet navn på Jesus som du sikkert har hørt er "Fredsfyrste". En fyrste er en som har stor makt og rår over land og riker. Tenk at Jesus har makt over det riket hvor der alltid skal være fred. Jesu kunne og kan skape fred mellom oss mennesker og Gud. Ingen andre kan det. Da skjønner vi at navnet "Fredsfyrste" er et godt navn på Jesus. Kon det noen gang bli fred på jorden mellom menneskene, slik at vi slipper krig og onde ting i mellom oss? Dette vil vi be om i dag.



Kryssord  
Løsning

i neste nr.

## For få prestar i Kina Ei ny kyrkje blir åpna kvar dag

(KPK) I gjennomsnitt blir ei ny kyrkje åpna kvar dag i Kina. Sidan 1979 er 4000 kyrkjer åpna etter å ha vore stengde i heile Mao-tida. Kyrkja si store «bekymring» no er at det ikkje er nok prestar til dei nye kyrkjelydane.

Dei fleste prestane i den protestantiske kyrkja blei utdanna før Mao tok makta ved ein revolusjon i 1949/50. Gjennomsnittsalderen er difor på heile 76 år. No er imidlertid den protestantiske kyrkja i ferd med å reise opp ein ny generasjon prestar. Sidan landet blei åpna i 1979 er det skipa ti nye to-års seminar. Det siste blei åpna i september 1986 i byen Guangzhou.

Seminaret i Guangzhou har 34 studentar, mellom dei 14 kvinner. Totalt er om lag 40 prosent av dei kinesiske studentar kvinner, men berre nokre få lar seg ordinere.

## Bibeldagen i Ytre Arna

45 ulike kyrkjesamfunn og kristelige organisasjoner står saman om Bibeldagen 15. februar. Prosjektet dette året er å samla midlar til bibeltrykkeri i Kina. Pinsemenigheten Betania, Ytre Arna sokneråd og organisasjonar i Ytre Arna går denne dagen saman om eit møte i kyrkja kl. 19.00. Alle er velkomne til dette fellesmøtet.

FOR JEG  
SKAMMER MEG  
IKKE OVER EVANGELIET.  
DET ER EN GUDS KRAFT  
TIL FRELSE FOR ALLE  
SOM TROR  
Rom. 1.16

Misjon bak Jernteppet:  
– Det nyttar å protestere  
«Oppmerksamhet om fanger  
gjer betre behandling»

(KPK) – Dei fangane det vert mykje oppstyr kring, blir ikkje berre slept fri ved utløpet av domen, men dei får også betre behandling i leiren. KGB blir pressa til å ta omsyn til protestantane som kjem utanfrå.

Det er Aleksander Ogorodnikov som skriv dette. Han er ein russisk-ortodoks kristen og har åtte år i fangenskap i Sovjet. I eit brev som er smugla ut, skriv han at han er i desperat behov av støtte frå den frie verda. I 1978 blei han dømd til eit år for «løsgjengeri». Seinare er domen forlenga to gonger, og han skal etter den siste domen bli fri i 1993.

## NMS i TV-TI

(KPK) – Det Norske Misjonsselskap skal i løpet av vinteren og våren ha fem program i NRK. NMS er med i TV-TI prosjektet og skal ha halvtimes sendinger før kirketid disse søndagene: 11. januar, 8. februar, 8. mars og 12. og 26. april.

BARNESIDE,  
Løsning på oppgaver i forrige nr.

J	O	H	A	N	N	E	S	LÖSNING
O	A	U	D	I	A			
H	R	L	A	M	M			
A	E	N	G	A	A	O	D	
H	O	P	S	A	I	R		
N	U	V	E	R		I		
A	U	S	T	R	A	L	A	

Rebus: DAGENE BLIR KORTERE.

Erik Rodal ny kateket i Arna

# KATEKISMEKAREN



Frå v.: Synnøve, Liv, Anne Birgitte, Jørgen og Erik Rodal.

Stuajordet 31 er adressa eg har fått oppgitt. Det er nok få i Arna som veit kor det er enno. Berre eit fatal av husa ser ut til å ha fått nr., men eg når målet. I eitt av dei nye husa i byggefeltet oppom Arnatveit har ein av VIP ane (very important person) i Arna kyrkjelyd flytta inn.

Tomme kartongar, er det første som fell i augo når døra vert opna av ein smilande ung mann som i alle fall har rokke å få sjegg. Det er tydeleg at flyttefasen ikkje er heilt avslutta, sjølv om første arbeidsdagen i ny stilling ligg bak.

Utom veggen har eg registrert 2 sparkar. På spørsmål om dei er kjøpte i Bergen, får eg stadfest misstanke om at dei kom med flyttelasset. Og det vart lasta opp midt i Norge, like før jul — i Mosjøen. Og sparkane har vore eit godt hjel-

pemiddel for borna til å oppnå kontakt i sitt nye oppvekstmiljø. Mange her hadde aldri før sett eit slikt framkomstmiddel.

Det er den nye kateketen, Erik Rodal med kona Liv og borna Synnøve 9, Jørgen 7 og Anne Birgitte 4 år, eg skal prøva å få i tale

Men du er ikkje nordlending? Nei, jeg vokste opp i Bærum, men begge foreldra mine kom fra Helgeland, så det var nok det som drog oss nordover.

Og Liv? Ja, hun kommer fra Ulvik og er søster av Marta Straume som bor på Haukeland og er med i menighetsarbeidet her.

Kva er ein kateket og kva må til for å verta kateket? Ja, hva skal jeg si? Kateket er undervisningsleider i menigheten med hovedansvar for dåpsopplæring. Når det gjelder utdanning, kreves det kompetanse i

pedagogikk ved siden av kristendomskunnskap. Selv er jeg teolog med full presteutdannelse, men jeg er ikke ordinert. I tillegg har jeg pedagogikk grunnfag.

Betyr det at du berre skal arbeida mellom born opp til konfirmasjonsalderen. Nei, dåpsopplæringa blir vi aldri ferdige med. Den omfattar all kristen undervisning. Jesu disipler var jo ikke akurat konfirmanter. Vi kan gjerne si at den dissipellopplæring Jesus drev med, er forbildet for katekettjenesten i kirkjen. Men det er nok ikke til å unngå at en stor del av mine oppgaver blir knyttet til dåpen.

○ Ut over dette, har du fått noko inntrykk av aktuelle oppgåver som ventar på initiativ? Ja, utfordringene er mange i en så stor menighet som Arna. Jeg tror det må bli ei viktig oppgave å lete opp ubrukte ressurser, først og fremst når det gjelder mennesker og finne oppgaver for dem som kan tilpasse deres muligheter og nådegaver. Det har slått meg at til tross for at Arna er en livsfrisk menighet, sliter man med ledermangel, særleg på barne og ungdomssektoren. Jeg ser det som en oppgave å bidra til å gjøre noe med dette.

○ Har du sjølv røysle fra ungdomsarbeid. Ja, særleg i menighetenoppbyggingsfasen av et ungdomsarbeid som særlig tok utgangspunkt i konfirmantene. Denne menigheten var en av de første i Sør-Norge som prøvde seg med leiropphold som en del av konfirmantopplegget. Dette har man jo prøvd litt i Arna og.

○ Vil du seia noko om kjenslene dinne framfor den nye oppgåva. Ja, jeg har jo 5 års teneste bak meg som kateket i Vefsnes, så jeg vet noe om hva jeg går til. Frykt for å ta på seg for mye — oppgaver som man ikke makter å fullføre, er en følelse. Jeg ser i utgangspunktet og svært små muligheter til å gjøre suksess i ein slik tjenesten.

Trur du at kyrkjelydane idag ofte set seg mål og tek på seg oppgåver som sprengjer grensene for det ein har kapasitet til å gjennomføra? Det har vel kirken alltid gjort. Derfor tror jeg ikke at kirkjen kan begrense seg til det mulige. Tenk på den oppgaven Jesus stilte disiplene overfor! Samtidig tror jeg det er viktig at den enkelte menighet setter seg konkrete mål å arbeide fram imot.

Det jeg tror er viktigere enn noe i denne sammenheng er at menigheten kan fungere som et læringsfellesskap, ikke bare med tanke på kunnskap, men når det gjelder å leve ut sin kristendom i konkret handling og tjeneste. Her må nok menighetene idag ta mål av seg til å overta en del av de funksjonene som hjemmet og skolen før hadde. Vi må lære hverandre å leve og å leve sammen som kristne.

Har du tanker om kyrkja og frivillige organisasjonar som arbeidseiningar? Forholdene på Vestlandet har jeg lite erfaring med. Men generelt vil jeg si at det er en styrke at vi har organisasjonene. De har båret oppe og inspirert, bevissheten om lekfolkets sitt ansvar, og jeg vet at det på dette feltet er forskjell mellom menigheter med markert innslag fra bedehuset og der det frivillige lekemannsarbeidet ikke har hatt fotfeste.

Har du noko du gjerne vil gi uttrykk for heilt tilslutt? Misjonsbefalingen som driver misjonærene ut med evangeliet er også utgangspunktet for min tjeneste som kateket. Det er på mange måter et misjonsoppdrag. Det håp vi har som kristne er ei drivkraft til innsats og kan gi oss trygghet i en urolig verden. jeg ser det viktig å få være med og formidle dette i ei tid da flere og flere ikke synes å se håp.

Og me ynskjer lukke til i tenesta. Det vil sikker ikkje vanta oppgåver og utfordringar.

Ingvard Hageberg

# NYTT FRÅ KYRKJELYDANE



## Døypte

### Arna sokn:

- 23.11: Veronica Andersen,  
Karianne Ekren, Silje My-  
king Isdahl, Morten Eke-  
land Alvheim, Jan- Erik  
Straume.  
30.11: Frank Robin Kråkenes,  
Remi Sandal.  
14.12: Henrik Daae, Vidar Aase.  
Stadfesting: Joar Hope.  
21.12: Gro Thunes Anthun.  
25.12: Roy Morten Haugland.  
26.12: Sindre Moltu Riisøen, Linn  
Magnussen, Sara Maria  
Ringås, døypt i Trengereid  
kapell.  
26.12: Eivind Solsvik, døypt i  
Leira kapell.  
28.12: Stadfesting: John Kjos  
Aksnes.

### Ytre Arna sokn:

- 14.12: Bjarne Nævdal Eide  
21.12: Bjarne Håland Kleppe,  
døypt i Arna kyrkje.  
28.12: Ina Cathrine Hartvigsen,  
døypt i Arna kyrkje.  
04.01: Kevin Vågenes, Anja  
Tresvik Låstad.



## Vigde

### Arna sokn:

- 22.11: Øystein Mjelde og Laila  
Berntsen.  
9.11: Geir Helge Hansen og  
Oddrun Erdal.



## Døde

### Arna sokn:

- 12.11: Harry Johan Johannessen,  
f. 1907  
18.11: Olaug Gjerstad Borge, f.  
1926.  
29.11: Walther Dahl, f. 1924  
02.12: Nils Gjerde, f. 1912  
05.12: Sofia Blom, f. 1903  
19.12: Inga Apol Borge, f. 1896  
24.12: Hilde-Gunn Taule, f. 1962  
**Ytre Arna sokn:**  
14.12: Amandus Hovland, f. 1901,  
gravlagd frå Arna kyrkje.  
19.12: Bergit Blindheim, f. 1904,  
gravlagd frå Arna kyrkje.

### Ytre Arna sokn

- 23.11: Misjonssenteret  
Kvamsetter/Kvamshaug  
kr. 515.-  
30.11: Kyrkjelydsarbeidet  
kr. 1.730.-  
14.12: Kristen filmtjeneste  
kr. 657.-  
21.12: Ytre Arna Barne- og  
Ungdomskor kr. 1.526.-  
24.12: Kirkens Nødhjelp kr. 4.574.-  
25.12: Det Norske Misjonsselskap kr.  
2047.-  
**Trengereid kapell**  
24.12: Kirkens Nødhjelp kr. 1.369.-  
26.12: Det Norske Misjonsselskap  
kr. 727.-

## Ofringar i kyrkjelydane

### Arna sokn

- 23.11: Kyrkjelydsarbeidet 2188  
30.11: Kyrkjelydshuset 2581  
30.11: Ungdomsforbundet 1013  
07.12: Menighetsseminarene 1241  
14.12: Landslaget for kristen skule  
2038  
14.12: Musikkarbeidet i  
kyrkjelyden 2144  
21.12: Kyrkjelydshuset 1148  
21.12: Musikkarbeidet 1605  
24.12: Kirkens Nødhjelp 3937  
24.12: Kirkens Nødhjelp 7100  
24.12: Diakoniutvalet 3263  
25.12: Misjonsselskapet 4686  
26.12: Indre Sjømannsmisjon 1186  
28.12: Kyrkjelydsarbeidet 2028



Presten  
har  
ordet

Øyvind Øy

## Dei unge giftar seg!

Folk talar stadig om at dei unge ikkje giftar seg lenger. Slike utsagn fører lett til at mange trur dei unge har avskrive ekteskapet og favoriserer andre samlivsformer. Vi veit at ein del vel å vere samboarar, men det må ikkje feste seg ei oppfatning hjá oss at det er ingen som giftar seg lenger.

I Arna sokn var det i året som gjekk 57 vigsler. Det er det høgste talet på vigsler som vi har hatt på lenge. Rett nok var 18 av dei borgarlege, men også dei som nyttar borgarleg vigsel, går inn på den same ekteskapsordninga. I tillegg til dei 57 vigslene i Arna var det sju ektepar som høyrer til her, som vart vigde andre stader. Det viser seg at vi også dei siste åra har hatt eit forholdsvis høgt tal på vigsler, i 1985 var det 39 og i 1984 53 vigsler.

Det betyr at det er mange som vil satse på ekteskapet som samlivsform. Ikkje minst hjá unge merkar vi vilje til å satse på ekteskapet. Vi merkar rett nok at mange av dei kjenner på ei uro når dei tenkjer på dei mange ekteskap som vert oppløyste ved skilsmisse. Vi har nett fått meldingar om at også i 1985 er skilsmisseprosenten høg. Men dette faktum gjer at dei som gifter seg idag synest å gå inn i ekteskapet med vilje til å ta vare på ekteskapet og dei ynskjer å arbeide for at dei kan halde saman i «gode og vonde dagar». Det krev innsats og vilje til truskap å skulle leve saman eit heilt liv.

Eg skulle ynskt at vi i større grad

kunne gje rettleiing til dei som går inn i ekteskap, men til no har vi dverre ikkje hatt tilfredsstilande hjelp å tilby. Det er fasar i ekteskapet då mange har bruk for hjelp og støtte for å komma igjennom kritiske periodar, og ofte viser det seg at det skal ikkje så mykje til for å kome vidare.

Det er ikkje uaktuelt å love kvarandre livsvarig truskap. Nett i denne tid når vi opplever så mange omskiftningar, er det ein styrke og ein rikdom å kunne satse på eit heilt liv tilag.

Øyvind Øy

## Min Kirkebok

til 4 åringar i Arna Menighet.

Den 25 januar vil det være familiégudstjeneste med utdeling av Min Kirkebok i Arna kirke.

Her vil 4 åringene få hver sin bok som heter «Min Kirkebok». Det er Institutt for Kristen Oppseding som gir ut boka, og den er selvsagt å få både på bokmål og nynorsk.

«Min Kirkebok» er ment som en liten håndstrekning til den kristne oppdragelsen i hjemmet. Den inneholder fortellinger, enkle sanger og bønner. Og passer til barn i 4-6 års alderen. Sangen kan om man ønsker det fås kjøpt på egen kassett.

Bak i boka finner man også en liste over bøker og kassetter med enkle barnesanger.

Mange har vel kanskje allerede fått et brev med en invitasjon til gudstjenesten. Desverre gjelder ikke det alle fordi vi ikke har adressen til de 4 åringene som har flyttet til Arna først etter at de ble døpt.

Men uansett om dere har fått et brev eller ikke er dere selvfølgelig hjertelig velkommen til å få «Min Kirkebok» i Arna kirke søndag 25 januar kl. 11.00. Etter gudstjenesten blir det en kort samling med kaffe og saft. Og her er selvfølgelig dagens æresgjester med sin familie spesielt velkommen.

Erik Rodal.

# MØTE

**Betania, Lone**  
 13-18/1: Møteveke.  
 v/Finnmarksmisjonen. Talar Anatón Strand.

22.1: Nattverdmøte.

24.1: Ungdomskveld v/BUF.

25.1: Møte v/BUF.

29.1: Årsmøte v/Indremisjonen.

01.2: Møte v/NLM.

05.2: Møte v/BUF.

08.2: Møte v/IM.

10-15/2: Møteveke v/BUF.

**Arna bedehus**  
 18.1: Misjonsfest.

**Haugland bedehus**  
 20-25/1: Møteveke v/Indremisjonen.  
 Talar Johan Ulveseter.

## Kateketvigsle i Arna Kyrkje

Søndag den 18. januar vert Erik Rodal vigsla til kateket i Arna kyrkje av biskop Thor With. Erik Rodal har vår kateket i Mosjøen i fem år tidlegare og tok til i stillinga her i Arna like før jul. Det er ei glede for kyrkjelyden at vi skal få høve til å vere med på vigsle av kateketen og vi ser fram til å møte biskop With på nytt.

Etter gudstenesta vert det kyrkjekaffi i Arna bedehus, der alle er velkomne.

## Fellesmøte i Arna kyrkje

Søndag den 15. februar vert det fellesmøte i Arna kyrkje i høve Bibeldagen. Pinsemenigheten «Salem» og «Bethel», Arna misjonsmenighet og Arna kyrkjelyd står bak arrangementet. Vi hadde eit tilsvarande møte på Bibeldagen i fjor, og det vart svært vellykka.

## Biskop Bjørn Bue til Arna

Biskop Bjørn Bue kjem til Arna lørdag den 28.2. og søndag den 1.3. Lørdag vert det foreiningstreff om ettermiddagen kl. 16.30. arrangementet vert ope for alle misjonsinteresserte. Søndag den 1. mars tar han ved gudstenesta i Arna kyrkje.


## Gudstenesteverkstad

Kvar tysdagkveld i tida 13.1-17.2 innbyr Kyrkjelydsskulen til gudstenesteverkstad i Kyrkjestova i Indre Arna. Der samtalar vi om søndagens tekst og gudsteneste på grunnlaget av ei innleiing, ta mat med kaffi og te vert servert. velkommen. Samlingane tek til kl. 19.30.

## Takk til medarbeidrarar:

Martha Trollås Sæther slutta som kateketvikar ved årsskiftet. Ho har vore vikar store delar av 1986, og vi takkar for innsatsen. Samstundes kan vi og gratulera henne med tvillingar: to jenter fødde siste arbeidsda genhennari Arna.

Menighetseleven i Ytre Arna, Bjørg Hilde Glad, slutta som elev ved Menighetsseminaret i Bergen før jul. Dermed fall praksistenesta hennar i Ytre Arna kyrkjelyd bort. Ei takk også til henne for tida her.



## Arna — Kyrkjelydsskule

Våren 1987  
 Arna sokn — Ytre Arna sokn.

### Program i grove trekk:

#### 1. Gudstenesteverkstad i Indre Arna.

Kvar tysdag frå 13. januar til 17. februar kl. 19.30 i kyrkestova.

#### 2. Samtalekveldar, Ytre Arna

Vi samtalar ut frå TV-programma som vert sendt kvar 14. dag frå 12. februar. Møtestad/Kyrkjelydshuset i Ytre Arna.

#### 3. Omvisning i Arna Kyrkje i april

#### 4. Natursti for yngre og eldre i mai

#### 5. Utflukt til eit nabosokn i juni.

Meir om desse tilskipingane kjem etter kvart i Kyrkjelydsbladet. Alle arrangementa er for dei som bur i begge kyrkjelydene.

## Statistikk

I kvar kyrkjelyd vert det ført statistikk over ei rekje ting. Av statistikken for 1985 tek vi med:

	Arna	( 87 )	62	( 64 )
Talet på gudstenester	86			
Frammøtte ved alle gudstenester	15159		4516	
Døypte	118	( 78 )	31	( 31 )
Konfirmerte	136	( 175 )	36	( 35 )
Vigde i kyrkja	39	( 24 )	4	( 7 )
Gravferd	59	( 76 )	17	( 30 )
Utmelde or kyrkja	5	( 6 )	9	( 5 )
Innkomme ved offer/kollekt	200.782,-	( 178.294,- )	69.648,-	( 56.540,- )

Talet for 1985 står i parantes. av dei som har meldt seg ut av kyrkja har 2 i Arna og 5 i Ytre Arna meldt seg inn i eit anna kyrkjesamfunn.

I Trengereid kapell kom det inn kr. 8.677,50 i offer dette året, medan talet for 1985 var kr. 10.577,-.

I Trengereid kapell har det vore 17 gudstenester, i Takvam kapell 5 og på Haukeland/Unneland 2 gudstenester.

## TIL AFRIKA FOR ANDRE GONG

# Klar til dyst i u-hjelpsarbeid

AV: Geir ØY



Berte Marie Ulveseter med eit barn ho hjelpte i Etiopia.

— Vi er forplikta til å hjelpe medmenneska våre som er i naud. Dette seier Berte Marie Ulveseter (28) frå Arna som dei to neste åra skal arbeide i Mali for den humanitære hjelpeorganisasjonen Pastor Strømmes Minnesstiftelse. Berte Marie Ulveseter er sjukepleiar og skal gå inn i helsearbeidet i eit stort utviklingsprosjekt som Den Norske sanitalmisjon og Pastor Strømmes Minnestiftelse står bak.

Berte Marie Ulveseter skal gå inn som koordinator i eit nyoppstarta helseprosjekt som har som mål å betre opplæring av helsepersonell i Mali. I tillegg skal ho sørge for at utstyr og medisiner kjem dit det skal. I Mali er det ein del helsearbeid idag, fortel Berte Marie Ulveseter.

— Men styresmaktene i Mali har ikkje kapasitet til å nå utanfor byane og dei store landsbyane. Vår oppgåve blir difor også å betre helsearbeidet på landsbygda, fortel ho. Sjølv om mange av dei innfødde helsearbeidarane er dyktige, treng dei veiledning til meir medisiner og utstyr.

Arbeidet Berte Marie Ulveseter no skal inn i vil nok bere meir preg

av å vere langsiglig. Den akutte u-hjelpa i Mali vonar ho har gjeve resultat. No har mykje av arbeidet gått over eit breitt utviklingsprosjekt som dekker område som jordbruks, brønngraving og alfabetisering, altså å lære folk å lese.

Santalmisjonen har vore i Mali nokre år no og har bede Pastor Strømmes Minnesstiftelse om hjelp til å dekke behovet for utviklings-hjelp. Om arbeidsfordelinga mellom misjonen og u-hjelpa seier ho:

— Santalmisjonen redder sjeler, og vi redder liv.

### Har erfaring

For Berte Marie Ulveseter er ikkje arbeid i utviklingsland ei heilt ny erfaring. For eit par år tilbake arbeidde ho 14 månader blandt etioparar som var råka av hungerskatastrofa. Mange av erfaringane frå denne tida vil kome godt med i dette nye arbeidet.

Kvifor har du så gått over frå akutt nødhjelpsarbeid til meir lang-siglig utviklingshjelp?

— Det er forferdelig slitsamt å stå i direkte nødhjelpsarbeid. Eg reddar kanskje mange menneskeliv akkurat når hjelpa blir gitt. Men kanskje dør dei likevel om ein månad. Det er frustrerande, seier ho.

Å vere áleine som sjukepleiar blandt 30.000 svelteramma er også for slitsamt i lengde, meiner ho.

Likevel er det i u-hjelpssektoren Berte Marie Ulveseter vil arbeide. Ho trives betre med det enn med arbeid som sjukepleiar i Norge. U-hjelpsarbeide er meiningsfylt, meiner ho. Litt eventyrlyst ligg også bak, medgir ho.

Berte Marie Ulveseter legg ikkje skjul på at det er trygt å vite at mange i Noreg står bak arbeidet i bøn. Det er viktig også for u-hjelpsarbeidarar.

## Ny servicemann for eldre og uføre i Arna



Som kanskje de fleste kjenner til, nytter det ikke lenger å lete etter Heimsjukepleien i Kommunehuset i Arna. Heller ikke finner vi den nevnte annet steds i distriktet. Derimot leser vi på en dør: «Avdeling for pleie og omsorg», om vi tar en tur til Arna Bruk på Arnatveit.

Blandt de mange vi treffer innenfor denne døren, og som vi kjenner igjen fra Heimesjukepleiekontoret, finner vi en ny mann. Han er så blid og vennlig at vi må slå av en prat.

Egentlig er han sogning, forteller han. Men han har bodd i Arna sidan 1966. Da Ådnemarka skule ble ferdig i 1973, begynte han som vaktmester. Denne jobben hadde han frem til sommerferien 1986. Da ble han knyttet til avdelingen for pleie og omsorg.

Hans tittel er: «Servicemann for eldre og uføre», og navnet er Erling Osland. Det ligger i selve titelen hvem han skal være til hjelp

for. Dessuten utfører han noe arbeid for sosialkontoret.

Han forteller at arbeidet han utfører er gratis uten mellomlegg. Selvfølgelig må det betales for eventuelle nye deler som må skaffes.

Nå sier det seg selv at Osland ikke kan utføre alle slags reparasjoner. Men han er behjelpeelig med å skaffe håndverkere hvor dette trengs. Og ikke nok med det. Han følger opp det arbeidet de gjør!

Men hva skal en så gjøre for å få tak i Osland?

Jo man skal ringe: Avdeling for pleie og omsorg, tlf. 24 12 00. Der oppgir man navn og sier hva saken gjelder. Så vil Osland ta oppdragene i tur og orden. Til slutt kommer Osland med denne oppfordringen til alle alders- og uførepensjonister: «Vær endelig ikke redd for å be om hjelp!»

## Ferdigmiddag for eldre

Ytre Arna Sanitetsforening startar i januar med sal av ferdigmiddag for eldre. Det er djupfrossne middagsrettar laga av Staburret-Nora, og i pakningane finn ein også grønnsaker og poteter. Det heile skal varmast opp i vannbad eller steikeomn, og så er middagen ferdig.

Dei som har smaka på middagane seier dei er gode, og førebels har Sanitetsforeninga 15 ulike rettar ein kan velja mellom. Kvar porsjon kostar kr. 20.

Utsalet er i kyrkjelydshuset i Ytre Arna (bak kyrkja) og det er opptysdagar kl. 10-12. Alle eldre kan få kjøpa dette.

## Forteljaren Lukas —skreiv om det Jesus gjorde og lærte.

Nokre bøker i Bibelen er meir lettleste og forteljande enn andre. Vi forstår det med ein gong det som står. Vi kan sjå det for oss.

Dette gjeld bl.a. Lukas-evangeliet og Apostelgjerningane. Apostelgjerningane kan lesast som ei forsetjing av Lukas-evangeliet. Begge bøkene er skrivne av den same forfattaren: Lukas.

Som innleiing til Apostelgjerningane skriv han: I mi fyrste bok (evangeliet) Teofilius, skrev eg om alt det Jesus gjorde og lærte, frå byrjinga av og til den dagen han vart teken opp til himmelen. I Apostelgjerningane startar Lukas med å fortelje på nytt om himmelfarten og løftet om den heilage Ande. Så fortel han om korleis Den heilage Ande vart gjeven disiplane på pinsedagen i Jerusalem. Lukas gjengjev den kraftfulle omventingstala som Peter heldt og som resulterte i at 3000 vart lagt til kyrkjelyden. Vidare fortel Lukas om apostlane sitt liv og virke i Jerusalem, om korleis Paulus vart omvendt og om nokre av reisene hans.

Lukas er forteljaren/journalisten/historikaren som satte bitane om hendingane frå åra rundt 33 på papiret, på ein slik måte at det heile vert svært forståeleg også for oss som lever idag.

Kvar kan vi lese finare ord om Jesus enn i Maria sin lovsong, Sakarja si profetiske tale eller Eimeon si lovprising, frå byrjinga av Lukas-evangeliet? I dei talene som han gjengjev av Peter, Stefanus og Paulus, vert det argumentert for kor viktig Jesu virka var og kor viktig hans død og oppstode var. Lukas er den av evangelistane som får tydelegast fram Jesu eigentlege verk: at han skulle frelse sitt folk frå syndene deira. Lukas underbygger dette med profetiar frå det gamle testamentet.

Det har nyleg kome ut ei lettfatteleg teologibok som omhandlar Apostelgjerningane — «Frå Jerusalem til jordens ender». Boka er skiven av Reidar Hvalvik som er tilknytta MF, og er utgjeven på Luther/Credo forlag. Her kan den som ikkje sjølv er teolog, setje seg inn i korleis A. gj. er vorte til og kva den inneheld.

Men først og fremst: les Lukas! Han var ein god fortejar og eit truverdig vitne.

### BLOMSTER

til enhver anledning!  
Ring vår blomstertilf.

24 25 95

  
**a.s. Sarepta**  
5260 Indre Arna

### I MIN FORRETNING

finn De gåver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp.



5260 Indre Arna — Tlf. 24 04 96

### Solstrands Blomsterforretning

Hollendergt. 4, tlf. 32 55 50

### Solstrand Begravelsesbyrå

Herm.Fossgt. 11, tlf. 32 55 50

Alltid til tjeneste



### VESTLANDSBANKEN

Banken i Arna — for Arnafolk, der alle kundar, store som små, er hjarteleg velkomne.

**VESTLANDSBANKEN,**  
avd. Arna

### Kranser Bårebuketter **Espeland Gartneri**

5230 ESPELAND, tlf. (05) 24 08 09

ARTHUR HOPE

### ESPELAND BEGRAVELSESBYRÅ

Telefon 24 08 08

Begravelser og bisettelser ordnes. Transport med egen bil. Annonser, sanger, sløyfer. Monumenter besørges oppsatt.

Banken i Arna frå 1866

### SPAREBANKEN VEST

AVDELING ARNA

— til bygdefolket sitt beste

Skal det vera TV — Elektrisk —  
Belysning. Hugs at vi har lavaste  
pris, og det De kjøper her kan De  
få reparert her.

### ARNA ELKJØP A/S

Ytre Arna — telefon 24 81 88

Arnatveit — telefon 24 19 70

Vi er tilsluttet landets største  
kjede av elektriske forretninger  
EL-KJØP

### DU KAN LEIE HENGERE HOS OSS!

Vi har lengre for

Bil-båt og  
varetransport



### ARNATVEIT AUTO SENTER

TLF. 24 07 40

Utlevering også fra Blomsterdalen  
ved J. B. Myklestad.

# *Velkommen til kyrkje*

- Jan. 18.** Arna kl. 11.00 Biskop Thor With. Viggle av kateket Erik Redal. Nattverd. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet. Kyrkjekaffi. Søndagsskule.  
Ytre Arna kl. 11.00 Res.kap Sundsbø. Nattverd. Takkoffer til Institutt for kristen oppseding. Kyrkjekaffi.
- Jan. 25.** Arna kl. 11. Familiegudsteneste v/sokneprest Øy. Utdeling av «Mi kyrkjebok». Takkoffer til institutt for kristen oppseding.  
Ytre Arna kl. 19.00 Ungdomsgudsteneste v/res.kap. Sundsbø. Trengereid kl. 11.00 Res.kap. Sundsbø. Nattverd.
- Febr. 01.** Arna kl. 11.00. Sokneprest Øy. Nattverd. Takkoffer til Bjørgvin bispedømeråd. Søndagsskule.  
Ytre Arna kl. 11.00 Familiegudsteneste v/krinssekr. Hageberg. Borna sin misjonsdag. Takkoffer til Santalmisjonen. Kyrkjekaffi.
- Febr. 08.** Arna kl. 11. Res.kap. Sundsbø. Takkoffer til kyrkjelydshuset. Søndagsskule.  
Ytre Arna kl. 11.00. Sokneprest Øy. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
- Febr. 15.** Arna kl. 11.00. Familiegudsteneste v/sokneprest Øy. Takkoffer til Bibelselskapet.  
Ytre Arna kl. 11.00. Res.kap. Sundsbø. Takkoffer til Bibelselskapet.
- Febr. 22.** Arna kl. 11.00. Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Takkoffer til Umgdomens misjonsaksjon. Kyrkjekaffi. Søndagsskule.  
Trengereid kl. 17.30. Sokneprest Øy. Familiegudsteneste. Utdeling av «Mi kyrkjebok». 1. klassingar spesieelt inviterte. Takkoffer til institutt for kristen oppseding.

## **Søndag er kyrkjedag**

### **KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA**

**Utgjevar:** Sokneråda i Arna, boks 11, 5260 Indre Årna.

**Redaksjonsnemnd:** Sylvi Sæle, Ingebjørg Ragnhildstveit, Ragnhild Rein,

Harald Sundsbø, Ingvar Hageberg, Laila Ueland.

**Forretningsførar:** Bjørg Hellesøy.

**Bladpengar:** kr. 30.-.

Postgiro nr. 3 10 44 45 eller bankgiro 8440.21.01856

Trykt av A/S Fotosentrum, Ytre Arna.

### **ARNA PRESTEGJELD**

**Kyrkjekontoret Indre Arna, Borgstova:** Tlf. 24 04 00 og 24 02 15.

**Kontortid:** Tysdag, onsdag og fredag kl. 10.00 - 11.30

Torsdag kl. 17.30 - 19.00.

**Kyrkjekontoret Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, P.Jebsensv.39:** Tlf.24 85 46.

**Kontortid:** tysdag kl. 17.00 - 18.00.

onsdag og fredag 10.00 - 11.30.

**Kyrkjegardane i Arna.** Tlf. 24 05 69. **Kontortid:** Månd. - fredag 10 - 11.